



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Møte i Studentparlamentet

nr 5/23-24

Onsdag 28. februar 2024

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 44– 23/24:Godkjenning av innkalling og protokoll	3
Sak 45 – 23/24:Godkjenning av sakslista	3
Sak 46 – 23/24:Orienteringar	5
Sak 40 – 23/24: Årsmelding	6
Sak 47 – 23/24: Budsjett 2024	7
Sak 48 – 23/24: Fairtrade kommune	11
Sak 49 – 23/24: Orientering frå SAIH	12
Sak 50 – 23/24: Val av representantar til SAIH Årsmøte	13
Sak 51 – 23/24: Miljøfyrtårn	14
Sak xx – 23-24:Eventuelt	16

Sak 44– 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 31.01.24.

Namneopprop.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

- Ronda og Veronica (frå AU) blir valde til teljekorps for møtet
- Dersom ikkje fast ordstyrar er tilstades, kjem AU med forslag til ordstyrar for møtet.

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 31.01.23.

Sak 45 – 23/24: Godkjenning av saklista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	44	Godkjenning av innkalling og protokoll	V	Ordstyrar
	45	Godkjenning av sakliste	V	Ordstyrar
16.35	46	Orienteringar	O	Leiar
16.45	40	Årsmelding	V	Leiar
17.00	47	Budsjett	V	Leiar
17:15		Pause		
17.30	48	Fairtrade kommune	D	Nestleiar
18.00		Pause		
18.15	49	SAIH	O	Leiar
18.45	50	SAIH Årsmøte	V	Internasjonalt
19.00	51	Pause		
19.15	52	Miljøfyrtårn		Organisasjonkonsulent

19.35		Eventuelt		
19.50		Møteslutt, møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringsaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

Sak 46 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Møte med studentorganisasjone
- Åpningsdag
- Møte med SiVolda
- Møte med Studenthuset Rokken
- Studentprisen
- Faddervekestyret
- Studentombudet kommer på besøk 11-12 mars
- Allmøte for tillitsvalt 12. Mars
- Infoskjermer er hengt opp
- Forslag til sak om boikott av Israel
- Møte med Nina Viddal frå Norsk innovasjonssenter (NIAS)

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- LMU møte
- Innstillingsutvalget

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 40 – 23/24: Årsmelding

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg: Vedlegg 1

AU har skrive årsmelding for 2023 etter mal frå tidlegare år, men har fått eit nytt utsjåande for å vise alt Studentparlamentet har gjort på ein oversiktleg og interessant måte. I årsmeldinga kjem det fram kva Studentparlamentet har arbeidd med gjennom året og korleis aktiviteten har vore.

Leiar Ammy Bolme vil summerer opp hovudpunkta frå årsmeldinga.

AU sitt forslag til vedtak: Studentparlamentet tek Årsmelding for 2023 til vitande

Sak 47 – 23/24: Budsjett 2024

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Leiar

Inntekter	Budsjett 2024
1. Støtte frå HVO	150000
2. Støtte frå SiVolda	100000
3. Andre inntekter (frå stand	0
Totalsum inntekter	250000
Utgifter	Budsjett 2024
Drift av Studentparlamentet	
4. Møter (konto 6862)	40000
5. Kurs og seminar (konto 68	40000
6. Drift/kontor/anna uforuts	5000
7. Kjøyregodtgjering (konto 7	0
8. Info og profilering (konto 7	30000
9. Sosialt (konto 7413)	30000
Sum Drift	145000
10. Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar (konto 74	
Fadderveka	10000
Pris for internasjonalisering	5000
Studentorganisasjonar	90000
Sum Velferdsmidlar	105000
Totalsum utgifter	250000

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtar budsjett for 2024

Bakgrunn

Eit budsjett setter rammene for organisasjonens økonomiske aktivitet det kommande året. Det er eit styringsverktøy som studentparlamentet gir arbeidsutvalet føringar for korleis organisasjonens midlar skal disponerast. Forslaget til budsjettet gir eit resultat som går i null. Det er ikkje eit mål for studentparlamentet å ha oppsparte midlar, men å bruke dei midlane vi har for å levere eit budsjettforslag som går i balanse. Dette gjenspeilar dei aktivitetane vi har i løpet av året. Budsjettet kan sjåast i samanheng med rekneskapan som vart godkjend på førre møte.

Vi har forsøkt å skrive forklaringar i kommentarane under for å gje ein betre forståing av kva postane går til og kva som ligg til grunn for vurderingane som er gjort. Dei ulike postane korresponderer med dei kontoane studentparlamentet disponere.

Inntekter

1. Støtte frå Høgskulen i Volda

Universitets- og høgskule loven seier at institusjonen skal leggje forholda til rette slik at studentorgana kan drive sitt arbeid på en tilfredsstillande måte. Som ein del av dette løyver høgskulen oss difor pengar til vår drift. I år er har vi fått auka støtte frå 125 000 kroner i 2023 til 150 000 kroner.

2. Støtte frå Studentsamskipnaden i Volda

Studentsamskipnaden får inn pengar frå semesteravgifta, ein del av dette går tilbake til Studentparlamentet. I år får vi 100 000 kroner som er det same som 2023.

3. Andre inntekter

Studentparlamentet har ansvar for å innvilge søknad om stand på Berte Kanutte. Om det er kommersielle aktørar som ønskje å ha stand er det ei avgift på 2000 kroner per dag. Vi har ikkje hatt så mange slike aktørar. Vi har ikkje budsjettert med noko inntekt frå dette sidan dette er ikkje noko vi skal ha fokus på. Det er også mogleg for Studentparlamentet å søke om fondsmidlar frå Norsk studentorganisasjon (NSO) og Frifond. Dette er ikkje noko vi har planlagd for 2024.

Utgifter

4. Møter

Studentparlamentet arrangerer allmøte for dei tillitsvalde og parlamentet. Dette er i hovudsak mat og drikke for desse møta. Prisar aukar og for å sikre gode møter for våre tillitsvalde er denne posten auka frå 25 000 kroner til 40 000 kroner for 2024.

5. Kurs, seminar og arrangement

Alle kurs, seminar og andre eksterne arrangement studentparlamentet deltar på eller organisera er under denne posten. Deltaking på landsmøte til NSO og årsmøte til SAIH og Norwegian night er nokon av dei arrangement som er på denne posten. Knytt til auka kostnader i samfunnet og for å sikre gode arrangement og investere i kursing og kompetanseheving av våre tillitsvalde er denne posten auka til 40 000 kroner.

6. Drift, kontor og anna uforutsett

Som ein del av samarbeidsavtalen med høgskulen får vi kontorareal og rekvisita. Om vi treng noko anna går det på denne posten. Om vi får små utforutsette utgifter som inkasso går det frå denne posten.

7. Køyregodtgjering

Det er ikkje budsjettert nokon midlar på køyregodtgjering sidan vi ikkje betalar ut køyregodtgjersle lengre.

8. Informasjonskostnadar

Kostnadane her er til materiale for å informere studentar ved høgskulen om studentparlamentet. Det inkluderer profileringsartiklar som pennar, notatbøker og anna vi gir ut til studentar. Også klede med studentparlamentslogo til arbeidsutvalet og stand. Det er kutt i denne posten sidan vi investerte ein del i 2023 som nye klede i 2023 som kan brukast på stand av fleire.

9. Sosialt

Utgiftene her går til sosiale tiltak for alle tillitsvalte og frivillige i studentorganisasjonen for å gi dei noko tilbake for alt dei gjer for studentar. Som for eksempel sommaravslutning og nyttårsbord. For å prøve å auke rekrutteringa og sikre trivselen i ei tøff periode for studentfrivilligheita har denne posten blitt auka til 30 000 kroner.

10. Støtte til studentaktivitetar, velferdsmiddel

Studentaktivitetar er viktig for læringsmiljøet og ein stor del av studentparlamentets aktivitet. Denne posten på 90 000 kroner er budsjettert som studentorganisasjonar kan søke som velferdsmiddel. Pris for internasjonisering som blir gitt ut til studentlag som inkluderer internasjonale studentar prisen er 5000 kroner til vinnaren. 10 000 kroner går til støtte til fadderveka sine aktivitetar.

Sak 48 – 23/24: Fairtrade kommune

Type sak: Diskusjonssak
Saksframlegg: Nestleiar

Ingrid Opedal presenterer Fairtrade.

AU sitt forslag til vedtak:

AU tar innspela med i vidare arbeid

Bakgrunn

Volda er ein Fairtrade kommune.

Fairtrade er ein internasjonal organisasjon som jobbar for å styrkja berekraftige løysingar og gjera dei meir tilgjengeleg for enkeltforbrukarar og verksemder.

Ingrid Opedal som representerer Fairtrade kjem på besøk for å informera om arbeidet dei gjer, og om samarbeidet dei ønskjer å få til med Høgskulen og Studentsamskipnaden i Volda.

Sak 49 – 23/24: Orientering frå SAIH

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg:

Nestleiarane i SAIH Henriette Reiersen Johnstone og Anora Rusten presenterer SAIH

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek orienteringa frå SAIH til vitande

Bakgrunn

SAIH jobbar for at alle skal ha tilgang til god utdanning og akademisk fridom, slik at de kan bidra til meir rettferdige og inkluderande samfunn.

Utdanning er det mest effektive våpenet vi har for å skape endring og oppnå berekraftsmåla. Gjennom høgare utdanning og opplæring skal unge menneske få reiskap for kritisk og sjølvstendig tenking, slik at de kan delta i samfunnsdebatten og bidra til å skape meir rettferdige og inkluderande samfunn. Utdanning er en viktig byggestein for å skape en positiv samfunnsutvikling.

Sjølv om utdanning har fått sitt helt egne berekraftsmål (mål 4: god utdanning), er både utdanning og akademisk fridom grunnleggande for at også andre berekraftsmål skal være oppnåelege.

I mange land opplevast ny kunnskap og forskning som en trussel. Studentar og akademikarar truast på livet når dei hever stemma med perspektiva og forskning som makthavarane ikkje liker. Det fører til en fattigare samfunnsdebatt og et tynnare grunnlag for politiske avgjerd. I et slikt klima blir moglegheitene for positiv samfunnsutvikling snevra inn.

SAIH ble etablert i 1961 av norske studentar og akademikarar og jobbar i dag i partnerskap med om lag 30 organisasjonar i 7 land i Latin-Amerika, sørlege Afrika og Asia.

I tillegg til langsiktig bistandsarbeid jobbar vi med politisk påverking i Norge og internasjonalt, for å bedre rammevilkåra for utdanning og utvikling globalt. Våre lokallag med frivillige aktivistar over hele landet er sentrale i dette.

SAIHs arbeid med politisk påverking har blant annet resultert i at Norge innførte ordninga Students At Risk, som gir forfølgde studentar frå hele verda moglegheita til å fullføre utdanninga si i Norge.

Idag kan studentar ved høgskulen i Volda gi 40 kroner i semesteret til SAIH gjennom semesteravgifta for å støtte dette solidaritetsarbeidet.

Sak 50 – 23/24: Val av representantar til SAIH Årsmøte

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: internasjonalt ansvarleg
Vedlegg:

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein delegat og ein observatør til Årsmøte i SAIH

Bakgrunn

Studentparlamentet er medlem av Studentane og akademikaranes internasjonale hjelpefond (SAIH). Årsmøte er SAIHs øvste organ og avhaldas ein gang i året. Lokallag i SAIH og medlemsorganisasjonar møter med stemmerett. Årsmøte legg føringar for drifta av SAIH det følgande året. Her vert styret, arbeidsutval, landsråd og andre komitéar valt. Politikken til SAIH vert laga her, SAIH er kjent for sine kampanje, tema for disse er også av Årsmøte. Delegatar kan stille til val og bli med å forme organisasjonen som bidrar til solidaritetsarbeid og kjempar for menneskerettar med og for studentar. For meir informasjon kan du gå inn på saih.no.

I år er Årsmøte i Oslo 26. – 27. April og reise blir dekket av Studentparlamentet, Påmeldingsfristen er 17. Mars. Studentparlamentet kan sende ein delegat og ein observatør til Årsmøte.

Sak 51 – 23/24: Miljøfyrtårn

Type sak: Diskusjonssak
Saksframlegg: Organisasjonskonsulent

AU sitt forslag til vedtak:

Organisasjonskonsulenten tar innspela vidare med til Miljøfyrtårn gruppa

Bakgrunn

Miljøfyrtårn er en nasjonal miljøsertifiseringsordning drifta av Stiftelsen Miljøfyrtårn. Høgskulen i Volda er sertifisert som Miljøfyrtårn. For meir informasjon om ordninga kan lesast på miljofyrtarn.no. Organisasjonskonsulenten sit i gruppa på vegne av studentparlamentet sidan det ikkje eit honorert verv. HVO er i gang med å rapportere inn om tiltaka for denne perioden. Tiltak vi har hatt denne perioden er kjeldesortering, berekraftige anskaffingar gjenbruk av møblar og utstyr og reisepolicy.

Den 1. Mars er det nytt møte i Miljøfyrtårn gruppa der nye tiltak for neste periode skal bli diskutert. I arbeidsprogrammet til Studentparlamentet er det følgjande punkt som vi skal jobbe for:

1. At HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak, forbettrar miljøprofilen sin og integrerer FN sine berekraftsmål i undervisning og dagleg drift
2. At HVO beheld sertifiseringa som Miljøfyrtårn og at Sivolda også blir sertifisert
3. At HVO og SiVolda reduserer bruk av eingongsartiklar
4. Fleire sorterings- og gjenvinningsstasjonar på campus
5. Miljøvenlege reiser og betre kollektivtilbod

Punkter til diskusjon:

- Kva mål og tiltak kan vi ha på Høgskulen i Volda ?
- Korleis kan studentar bidra?

Sak xx – 23-24: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.